

Rep.sak: 07-22. Fastsetting av styrehonorar.

Tilråding til vedtak:

Representantskapet fastsetter slike styrehonorar for 2022:

Leiar i styret skal ha møte og leiar godtgjersle på til saman 5 % av ordførar i Ørsta sin godtgjersle.

Medlem av styret skal ha møtegodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.

Varamedlem til styret får ei godtgjersle på kr 500,- pr møte.

Ved fråvær på 25 % eller meir, vert godtgjersla for faste medlemmar redusert tilsvarande.

Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvar år.

Saksutgreiing

Vedtak om godtgjersle skal representantskapet gjere med heimel i § 7.7 i selskapsavtalen. Det er krav om årleg vedtak.

Kommunestyra har gjort vedtak om å diskutere kva nivå honorara i styret i VØR skal ligge på, etter forslag frå Vest kontroll i september 2019.

Begge kommunestyra har hatt diskusjonar om honorar på generelt grunnlag, men ikkje diskusjon om nivå på honorar for styret i VØR.

Vi tolkar det slik, at kommunestyra i røynda synes at representantskapet skal fastsette dette i tråd med oppdraget i vedtektene. Dagleg leiar sitt framlegg til styregodtgjersle, er derfor ordrett vedtaket i 2021.

Eg har lagt ved ei oversikt over møtedeltaking i 2021, slik at de ser kor mange møter det er tale om i løpet av eit år.

Styreleiar har i tillegg til møteplikt i representantskapet og ei rekkje andre møter som kjem i tillegg.

Dette er møter med kommunane/ ordførarane/ / fellesmøter med dei andre renovasjonsselskapa, møter med dagleg leiar i forkant av styremøte, og årleg medarbeidarsamtale. Frå august av har det og vore seks møter i tilsettingsutvalet for leiar og nestleiar og tilsettere representant.

Siste året har nok styreleiar delteke på om lag 20-25 møter for VØR.


Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg:

Oversyn møtedeltaking 2021-22

Møtedatoar og kven som er tilstade på møtet

| Styre | 08.jun | 24.aug | 28.sep | 26.okt | 07.des | 08.feb | 29.mar |
|--------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Anne Ellingsen | x | x | x | x | x | x | x |
| Hallvard Bjørneset | x | x | | x | x | x | x |
| Jon Helge Bjørndal | x | | | x | x | | x |
| Henriette Hafsaas | x | x | | x | x | | x |
| Ove Myklebust | x | x | | x | x | x | x |
| | | | | | | | |
| Jan Henning Egset- møterett | x | x | | x | x | x | x |

Vara

| | | | | | | | |
|---------------------|--|---|--|--|--|--|--|
| Sissel Øyen Hareide | | | | | | | |
| Gina Bjørdal | | x | | | | | |
| Kjell Tore Aarstad | | | | | | | |
| Bjørnar Hovland | | | | | | | |